

Per Gjessing Høiland
Nedre Dynnersmauet 1
5011 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15507 - 21/5006

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
22.01.2021

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 349/11 lo

Tiltak: Oppretting av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 349/11
Tiltakshavar: Per Gjessing Høiland
Ansvarleg søkjar: Per Gjessing Høiland

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 11.09.2020 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 26.10.2020.

Meldinga har framleis manglar og vert ikkje registrert før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

1. Situasjonkartet er ikkje målsatt i høve mål/areal på tomt, avstand mellom bygg, avstand til offentleg veg osv. Om det er bygg som blir liggande nærmare enn 4 meter frå grensa etter frådelling, krev det søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4 eller samtykke frå eigar av naboeigedomen.

Du har i brev av 30.12.2020 opplyst at situasjonkartet er målsatt i målestokk, avstand til grensa er over 4 meter og det er 25 meter til offentleg veg. Det er naudsynt at desse måla blir plassert på kartet som syner avstand til grense, avstand til andre bygg, offentleg veg osv.

2. I gjeldande kommunedelplan er arealet avsett til framtidig bustadområde (B_16) der det er krav om reguleringsplan. Under punkt 2.1 er det i visse tilfelle gjeve unntak frå kravet knytt til reguleringsplan, for eksempel i tilfelle som omfattar frådelling av tilleggsareal inntil 200 m² eller arealoverføring. Vi minner om at ein dispensasjon må vera grunngjeve (sjå vedlegg) og nabovarlast.

Du har i brev av 30.12.2020 opplyst at det er frådelling av eksisterande bygg og tilhøyrande areal og i tråd med gjeldande kommunedelplan. Som vist til i brev frå Alver kommune 11.09.2020 er det krav om reguleringsplan. Det er naudsynt med søknad om dispensasjon frå dette kravet.

3. Det er i søknaden opplyst at egedommen skal nyttast til fritidsbustad. Du opplyse pr. telefon at du har markert feil på skjemaet, og at det skal vera i tråd med gjeldande planføremaal (bustad). Ber om at dette blir stadfesta.
4. Du opplyse i brev av 30.12.2020 at det er godkjent søknad for flytting av avkøyrse frå fylkesveg som også omfattar dette tiltaket. Denne kan med fordel leggjast med søknaden.
5. Du opplyse i brev av 30.12.2020 de vil søkja om etablering av VA-anlegg på eit seinare tidspunkt. Egedommen må vera sikra tilgang til vatn og avlaup før kommunen delar frå egedommen. Ein løysning for dette er å få eit førehandstilsagn. For meir informasjon om dette ta kontakt med Miljø- og tilsyn v/Hogne Askeland.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **17.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Per Gjessing Høiland	Nedre Dynnersmauet 1	5011	BERGEN
Per Gjessing Høiland	Nedre Dynnersmauet 1	5011	BERGEN